

Protokoll – klesgodtgjersle Masfjorden kommune

Heimel:

- HA del a § 4-5 Forhandlingar om lokale særavtalar
- SGS 1002

Tid/stad:

15.05.2023 Kommunehuset på Sandnes

Frå arbeidstakarorganisasjonane møte:

Fagforbundet	Britt Inger Myhr
Utdanningsforbundet	Ørjan Valestrand
NSF	Laila Herbst Totland

Frå kommunen møte:

Helse- og omsorgsleiar	Oddvin Arne Neset
Personalleiar	Erik Klausen

Tema: Klesgodtgjersle i Masfjorden kommune

Hovudregelen er at kommunen sine tilsette får utlevert arbeidstøy etter behov. Partane er kome fram til at klesgodtgjersle vert gjeve til særskilte grupper som sjølv sørgjer for å halde arbeidstøy. Avtalen regulerer kun denne gruppa.

Forhandlingsresultat:

Det er semje om følgjande lokale særavtale:

- Tilsette som skal ha klesgodtgjering pr. 01.05.2023:
 - Reinhaldarar
 - Alle tilsette i barnehage
 - Assistentar og fagarbeidarar i skule og SFO
 - Undervisningspersonale som har hovuddelen av undervisninga knytt til 1. og 2. klasse
 - Undervisningspersonale som har utedag
 - Undervisningspersonale som har stilling med stor andel undervisning i kroppsøving
 - Alle tilsette ved Masfjorden bu- og aktivitetssenter
 - Tilsette i helseavdelinga som arbeider i psykisk helse, ergoterapi og fysioterapi
- Satsar og omfang av avtalen
 - Kr 2400,- pr. år for tilsette med 50 – 100% stilling
 - Kr 1200,- pr. år for tilsette med mindre enn 50% stilling

- Godtgjersla vert utbetalt med ein månadleg sum på kr. 200,- for tilsette i 50 – 100% stilling, og kr. 100,- i stilling mindre enn 50%.
- Undervisningspersonale som har 50% eller meir i faga som er omhandla av avtalen får 2400,- pr år. Undervisningspersonale som har mellom 30% og 50% av stillinga i faga som er omhandla av avtalen får 1200,- pr år.

Endring i praksis av utlevering av arbeidstøy kan føre til at grupper går ut av avtalen.

Verknadsdato:

Klesgodtgjersle i Masfjorden kommune frå 01.05.2023

Verknadstid for avtalen:

Denne avtalen gjeld frå og med 01.05.2023 til og med 31.12.2025. Partane kan gjensidig seie opp denne avtalen med 3 månaders varsel. Om det ikkje vert avtala anna vert denne avtalen forlenga med eitt år om gongen.